

Opphald i leilegheita Hardanger- Berlin 07.10 til 05.11 2021

Denne gongen vart reisa gjennomført med bil (elektrisk). Kjempeflaks med parkering rett framfor leilegheita, der bilen fekk stå i ro til avreise.

Kjekt å kome til perfekt rydda og rein leilegheit. Og kjekt å finne gode tips til kva som var å sjå og oppleve i gjesteboka.

Mykje merkbart var at Corona restriksjonane var mykje strengare enn i Norge, plikt om munnbind og Coronasertifikat var strengt gjennomført. Dette synest me var heilt greit, sette pris på disiplinen som rådde i byen.

Gjennom studering av dei aktuelle tilboda var det berre å lage ein plan over kva me kunne nå i tida me hadde til disposisjon. Eg hadde med meg Otto, mannen min, som deler interessa for å oppleve og utforske kunst, og som er villig til å bruka tida til slikt.

Lista vart lang, men me la inn nok tid til å sjå, og tid til å gå, eller bruke offentleg transport mellom dei ulike institusjonane.

Nokon av «klassikarane» var sjølvstøtt med, nokon var nyoppdagingar.

Me vitja Berlinischer Gallerie, som alltid har hatt interessante utstillingar, også denne gongen.

I kort avstand frå dette ligg Konig Gallerie , St Agnes Kirsche. Hadde ikkje vore der før. Flotte utstillingslokale i gamal kyrkje, og kjempefin utstilling. Varmt anbefalt!

Galleri Spruit Magers, interessant, men ikkje så fengande denne gongen.

Ei lang rekke med galleri og utstillingar i Auguststrasse og i området rundt, gjorde litt vekslende inntrykk.

Nytt for året var også Haus an der Waldsee. (ligg

på vei til Wannsee, grei tilkomst med S.bahn og litt gåing.) Gamal villa, ligg i ein hage (med uteser- vering), fine utstillingslokale og fin utstilling.

Nytt for oss var også Palais Populaire (på Unter der Linden). Kjempefin, og med skiftande utstillingar. No var det ei utstilling av abstrakt kunst, den gjorde sterkt inntrykk.

I kort avstand derfrå ligg Humbolt Forum, Berliner Schloss, nett opna etter lang byggeperiode. Museum for verdens kulturarv. På utsida gjenskap slik det ein gong var, eit slott. Innvendig eit heilt moderne bygg/museum. Store samlingar, også temporære utstillingar. Me klarte ein etasje, det er stort, og såg avdelinga for etnografi. Absolutt interessant.

Museum fur Fotografie var ikkje denne gongen så interessant, men likevel anbefaler eg det. Fin fast samling med foto av Helmut Newton, og ofte flotte temporære utstillingar. (såg sist gong i Berlin fantastisk utstilling med Steve McCurrys foto)

Literaturhaus Berlin var hyggeleg utgangspunkt for ymse galleri i området rundt.

Ellers hadde me også denne gongen glede av nærkinoen i Hauptstrasse. Såg Wes Anderson sin siste film, kunstnerisk sterk!

Og det var framleis god mat på Gottlob i Akazienstrasse, (og andre stader.)

Tusen takk for at me framleis kan ha dette tilbodet med opphald i Berlin. Det gjev høve til påfyll og oppdatering som ein kan ta med seg heimatt, og for arbeid og konsertarsjon i inspirerande miljø når det er aktuelt.

Ingunn van Etten

BENEDICTE MAURSETH

- Aller fyrste gong eg var der (i 2011?) arbeidde eg ut ny musikk til albumet Over Tones som kom ut på det tyske plateselskapet ECM Records i 2014, ei av verdas mest kjende plateselskap. Plata gjorde til at me fekk radio og meldingar i presse spreidd kring verda som Italia, Sveits, Japan, Tyskland med meir. Det gjorde også til at me reiste på turné med materialet til albumet i Tyskland, Noreg og Italia, medan eg hadde opphald i Berlin-leiligheita hausten 2014 i Berlin. Me gjorde også radio-konsert i vidgjetne WDR-Radio i Köln og diverse anna promomateriale.
- 2012: Arbeidde med boka Å vera ingenting. Samtalar med spelemannen Knut Hamre som kom ut på Det Norske Samlaget i 2014. Boka kom i nytt opplag i 2015, og eg reiste kring store delar av sør-Norge og hadde bok-konsertar med materialet. Boka fekk også mykje merksemd i media og er blitt spreidd til lesarar forbi folkemusikkpublikummet i stor skala. Boka er også bruka i undervisning på Musikkhøgskulen og på Psykologistudiet ved Universitetet i Bergen, mellom anna.

På grunn av den boka og plata Over Tones tok musikal og professor David Rothenberg kontakt med meg og gav seinare ut den engelske versjonen av boka To be nothing i 2019, med distribusjon gjennom velkjende MIT press. Slik har boka og Hardanger sin folkemusikk blitt spreidd til nye lesarar kring verda, og folk i alt frå USA, Portugal, Tyskland, Italia, England med meir, har tatt kontakt med meg og takka for boka.

- I 2014 var eg på turné i Tyskland medan eg var der, og arbeidde ut ny musikk til sceneversjonen Morgon og kveld av Jon Fosse. Me hadde premiere i 2015, fekk svært gode kritikkar i nasjonal presse og spelte 75 utselde førestillingar på National Theatret fram til hausten 2017. Me spelte for fleire tusen publikummarar til saman.

- 2016 var eg der for å arbeidde ut musikken til mitt soloalbum som kom ut juni 2019, og eg arbeidde også med eit bokmanus (som eg framleis jobbar med). Solo-albumet mitt har fått mykje gode kritikkar, særleg frå utanlandsk presse, og eg skulle i 2020 spelt med dette materialet i land som Holland, Tyskland, Belgia, Tsjekkia med meir. Men så kom covid-19...
- 2018 jobba eg der nede på spreng med å skriva boka som høyrde til det svære dokumentasjonsprosjektet til Knut Hamre, Slåttar frå Granvin, der han spelte inn 97 slåttar. Eg skreiv om spelemannshistoria frå Granvin, og var produsent. CD-Boka kom ut hausten 2018 og har fått veldig god mottaking og Folkelarm-prisen for beste dokumentasjons-plate i 2018.
- 2019, var eg der og jobba ut musikken til tingingsverket Hárr, som hadde uroppføring i Eidfjord gamle kyrkje under Hardanger Musikifest i 2019. Materialet skal spelast inn no komande haust, og kjem ut på Grappa i 2021. Me skal også etter planen på turné med Vestnorsk jazzsenter komande haust.
- No i januar 2020 arbeidde eg med eit bokprosjekt som har pågått i fleire år.

Elles har eg alltid møtt mykje folk der nede, tatt timar, eller lært bort slåttemusikk til mange interesserte i Berlin. Eg var også med å spelte på albumet og dokumentaren Nightingales in Berlin, mellom anna. Det er altså sååå mykje som skjer som følge av dei opphalda der nede. Og eg vil tru det er svært god reklame for Hardanger? Eller kva?

Ikkje for å snakka om min sambuar Stein Urheim alltid har vore der også, og har laga musikk til alle sine siste solo album på Hubro, tingingsverk til Vossa Jazz, med meir. Eg legg ved nettsida hans. Alle solo-album har han arbeidd medan han har vore i Berlin (sjekk også Press, kor mykje meldingar han får!): Solo Albums | Stein Urheim

SILJE SOLVI

Under Berlin opphaldet mitt var eg i innspurten til utstilling i Voss kulturhus. Eg hadde med meg arbeidet «Perlemor», det var det siste arbeidet eg skulle ha ferdig før utstillinga opna. Utgangspunktet for arbeidet mitt er gamle fotografi som eg rasterer i photoshop, for deretter å brodere punktmønsteret på seglduk. Seglduken har eg malt med tynne, ornamenterte fargelag. Broderia kan ein sjå og oppleve på ulike måtar. Nært på er det tett i tett med nesten organiske former, og di lenger ein kjem på avstand trer fotografiet fram. Gamle fotografi ber i seg historier og minner, og som betraktar får ein ta del i ein liten bit av noko som har vert. Broderia er min måte å transformere desse augneblinka av levd liv, som kanskje er gløymt, til noko større. I Berlin fekk eg høve til å jobba konsentrert med dette, i tillegg til at eg fekk samla inspirasjon og materiale til vidare arbeid.

MERETHE GAUDEN

Eg var 14 dagar i Berlin februar/mars 2015, Prosjektet var å lese seg opp på forfattaren Hans E Kinck, i samband med at det var 150 år sidan han var fødd, og eg hadde fått i oppdrag å laga to turne-program om han.

Husværet var heilt perfekt til lesing og konsentrasjon, fekk gjort mykje.

Samstundes såg eg minst ei teaterframsyning kvar dag, alt frå dokketeater på kafé til store nasjonale oppsetjingar. Og enno var det tid til å gå seg vill i gatene i denne uendeleg store og herlege byen J Det var verdt kvart minutt!

Det vart 2 turnear med Kick på Kinck.

Den fyrste var i Hardanger, med Hardangerjakta Matilde. Det var i samarbeid med Hardanger fartøyvernsenter, usikker på kven andre som støtta den, truleg fylket og hardangerkommunane.

Den andre var DKS-tilbod til vidaregåande skular i Hordaland. Framsyninga Kick på Kinck vart godt motteken, og eg turnerte i 4 veker. For det meste i 3. klasse VGS. Det vart ca 40 framsyningar, 2 pr dag, totalt ca 1500 elevar. Støtte frå Forfattersentrum gjorde at eg kunne ta meg fri og opphalda meg i Berlin.

<https://www.forfattersentrum.no/produksjon/kick-pa-kinck/>

